

**Kommunal- og regionaldepartementet**  
**Postboks 8112 Dep**  
**0032 OSLO**  
**postmottak@krd.dep.no**

**Oslo, 22. august 2012**  
Vår ref.: OD  
Må alltid oppgis.

Deres ref: 12/999-2

## **HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ JUSS-BUSS TIL FORSLAG OM FORSKRIFT OM HUSBANKENS KLAGENEMD SIN KOMPETANSE OG SAMANSETNING**

Syner til høyringsbrev av 16. mai 2012. Vedlagt følger høyringsfråsegn frå Juss-Buss til forslag om forskrift om Husbankens klagenemnds kompetanse og samansetning. Fråsegna sendast ei veke etter høyringsfrist var ute etter avtale med Jørgen Hafstad 15. august 2012.

I våre kommentarar har vi følgd oppsett og nummerering som i høyringsnotatet.

Høyringsfråsegna sendes kun per e-post.

Med beste helsing,  
for Juss-Buss

Christine Palm  
Erling Fasting  
Ingrid Mellum Gundersen  
Ane Celine Backer  
Ole Magnus Drægri  
Christian Hagen Tønsberg  
Ina Therese Sørfonden

# Høyringsfråsegn frå Juss-Buss til forslag om forskrift om Husbankens klagenemnd sin kompetanse og samansetning

## Innleiing

Juss-Buss er eit studentdrive rettshjelpstiltak som yter gratis rettshjelp i enkeltsaker. Gjennom vår sakshandsaming tileignar vi oss erfaring som gjev oss eit godt grunnlag for vår rettspolitiske verksemd. Gjennom innspel i media, fråsegn i forbindelse med førebuing til nye lover og liknande, søker Juss-Buss å endre rettstilstanden der vi meiner at den ikkje er tilfredsstillande for våre klientgrupper.

Blant rettsområda Juss-Buss jobbar med er sosialrett og husleigerett.

Totalt i 2011 mottok Juss-Buss 264 henvendelse som gjaldt sosialrett. Dette representerte ei auke på 34,7 prosent samanlikna med tal saker motteke i 2010. I 2010 mottok vi 196 henvendelser på dette området.

Det er på denne bakgrunn vi nå uttaler oss.

## Juss-Buss sine merknader

### *1. Innleiing*

Juss-Buss er positiv til at departementet ynskjer å utvide Husbankens klagenemnd til også å omfatte klagar på vedtak om bustonad. Dette fordi det er ei yting som har stor velferdsmessig betydning for den enkelte og det derfor er viktig med forsvarleg og god sakshandsaming i desse sakene.

Vi ser det vidare hensiktsmessig at klagenemndas mandat utvidast gjennom forskrift.

### *2. Klagenemndas kompetanse og verkeområde (§ 1)*

Juss-Buss er samd med departementet om kva sakleg verkeområde nemnda bør ha etter notatets punkt 2 avsnitt 2, samt avgrensingane i avsnitt 3.

Juss-Buss meiner at dagens ordning for klageadgang i tjenestemannssaker og vedtak om innsyn i medhold av lov om offentlig forvaltning er tilstrekkelige.

### *3. Klagenemndas størrelse, samansetjing og oppnemning (§ 2)*

Juss-Buss ser de praktiske omsyn som talar for å ha tre medlemmer i nemnda. Når nemnda ikkje skal bestå av fleire medlemmer, er det viktig at det setjast krav til den faglege samansetjinga for å sikre forsvarlig handsaming av klagen. Storleiken på nemnda må ikkje gå utover den tverrfaglege kompetansen i gruppa.

Det bør oppnevast personelege varamedlemmer som kan trå til dersom eit av medlemma ikkje kan møte tidsnok for å sikre effektiv sakshandsaming. Desse bør ha tilsvarande fagleg kompetanse som medlem det er vara for.

Juss-Buss er samd med departementet i at det bør stillast krav til at leiar og leiars vara har juridisk embetseksamen eller master i rettsvitenskap. Dette vil auke sannsynet for at sakshandsaminga blir tilfredsstillande, og at omsynet til rettstryggleik blir ivareteke.

Vi er også positive til at departementet ynskjer at brukarinteresser skal være representert i nemnda. I notatet uttales det at det er praksis at nemnda settast saman av medlem med juridisk kompetanse, politikarar og medlemmer som representerer forbrukarar. Juss-Buss meiner at eit krav om representasjon frå brukarinteressa før følgje direkte av forskriftens § 2.

#### *4. Nemndas sekretariat*

Juss-Buss meiner at sekretariatet med fordel kan bli plassert fysisk utanfor forvaltninga, men er samd i at den administrative delen kan ligge under Husbankens sentraladministrasjon.

Det er positivt at departementet ikkje ynskjer å legge sekretariatet til et av regionskontorene. Vi meiner likevel at det er naudsynt å legge det utenfor hovedkontoret fordi dette på best mulig måte vil bidra til å sikre nemndas saksførebuing på ein uavhengig og forsvarleg måte.

#### *5. Husbankens behandling av klagesaken (§ 6)*

Juss-Buss stiller seg i hovudsak bak departementets vurderingar.

Vi vonar at løysinga departementet legg opp til, vil medføre at nemnda vil få så få saker at det vil fungere tilstrekkeleg effektivt, kva gjeld samansetning og møtefrekvens.

Vi legg då til grunn den informasjon departementet har gjeve innleingsvis i høyringsbrevet om den høge andelen av omgjerigar og grunnlaget for desse.

Departementet foreslår at Husbanken i første omgang skal få vurdere avslaga som vert påklaga, då førstegongs sakshandsaming er maskinell. Vidare foreslår departementet at dersom Husbanken opprettheld avslaget sitt og gjev grunngeving for dette, må klagar ta aktivt stilling til om han eller ho likevel at saka skal handsamast av nemnda.

Juss-Buss meiner imidlertid at det er viktig at ein får på plass mekanismar som sikrar at klager faktisk får handsama saka si i nemnda, dersom han eller ho er usamd i grunngevinga for avslaget. Vi er urolige for er at Husbanken sender eit grunngevingsbrev til klager utan at ein føl opp om klagar ynskjer å ta saka vidare til nemnda. Det minnst om at bustønadsordninga er for og nyttast av ei gruppe menneske som kan ha få ressursar tilgjengeleg til å ta tak i eigne rettslege problem. Det kan difor framstå som tungvindt for klagar å måtte «klage på nytt» for å få saka si vurdert av nemnda. Juss-Buss sine erfaringar på liknande og tilgrensande rettsområde tilseier at enkelte ikkje vil følgje opp saka si, trass i at den bør prøvast av nemnda. Vi ber difor om at departementet ser etter alternativ som sikrar at klagen ikkje stagnerer i dette steget av prosessen. Dersom slike mekanismar kan sikrast, bør det vurderast å sende klagesakene direkte til nemnda dersom husbanken ikkje gjer om vedtaket.

#### *6. Klagenemndas handsaming av saka (§ 4)*

Juss-Buss er samd i at det bør bli eit krav om at ei fulltaleg nemnd som handsamar sakene og dei omsyna departementet har trekt fram som viktige.

Det vil være fornuftig at klagenemnda held møter etter behov ut ifrå saksmengda. Ein må imidlertid kontinuerlig vere bevisst på å gjere sakshandsamingstida i kvar enkelt sak så kort som mogleg. Det vil være uheldig om ei sak blir liggande i bero lenge som følgje av at ein ventar med å samle opp eit visst tal saken før ein samankallar til møte. Dette bør departementet legge føringar på. Om mogleg bør det setjast ei øvre grense for for lang sakshandsamingstida kan vere i ei klagesak.

Det bemerkast her viktigheita av at søker får svar på sin klage så fort som mogleg, sidan ein bustønad som oftast vil utgjere ein betydeleg del av inntektsgrunnlaget vedkomande har for å sørgje for sitt livsopphald.

Juss-Buss har ingen merknader til dei øvre punkta i punkt 7 og 8.

Dersom det skulle vere spørsmål knytt til fråsegna kan desse rettast til Ole Drægni på telefon 22 84 29 23 måndag til fredag mellom klokka 10.00 og 15.00, med unnatak av onsdagar.

Med beste helsing,

for Juss-Buss ved Sosial-, trygde- og arbeidsrettsgruppa:

Christine Palm  
Erling Fasting  
Ingrid Mellum Gundersen  
Ole Magnus Drægni  
Ane Celine Backer  
Christian Hagen Tønsberg  
Ina Therese Sørfonden